



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Undersøking om Regionalt forskingsfond Vestlandet si ordning med kvalifiseringsstøtte.

AUD-rapport 09-17



Tittel: Undersøking om Regionalt forskingsfond Vestlandet si ordning med kvalifiseringsstøtte

AUD-rapport nr.: 09-2017

Forfattar: Eva Vinjevoll

Kontakt: eva.vinjevoll@hfk.no, tlf: 95 00 95 59

Oppdragsgjever: Regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune

Om rapporten: Ein gjennomgang av Regionalt forskingsfond si ordning med kvalifiseringsstøtte.

Har ordninga generert fordelar for deltakerane? Har den ført med seg vidare forsking?

Dato: 15.09.2017

Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

INNHOLD

Samandrag	3
Innleining	4
Spørjeundersøkinga.....	4
Resultat.....	5
Fyrste gang din organisasjon søkte om forskingsmidlar?	5
Andre aktørar som har bidrige til idé eller søknad	5
Søknad om midlar til vidare forsking	6
Dei som har søkt om støtte til vidare forsking	6
Dei som har søkt men ikkje fått støtte til vidare forsking	7
Andre fordelar med kvalifiseringsstøtte	7
Interesse for å nytte ordninga på ny	9
Andre innspel og synspunkt til ordninga med kvalifiseringsstøtte	9

SAMANDRAG

Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse i Hordaland fylkeskommune har gjennomført ei spørjeundersøking om Regionalt forskingsfond Vestlandet si ordning med kvalifiseringsstøtte (forprosjekt). Formålet med undersøkinga var å finne ut om kvalifiseringsstøtte har ført vidare til søknad om hovudprosjekt, og kor mykje midlar det i så fall har utløyst. Det er også ønskelig å finne ut kva som er årsaken dersom det ikkje har ført vidare til eit hovudprosjekt og om arbeidet med kvalifiseringsprosjektet hadde andre positiv effektar. Det vart sendt ut eit spørjeskjema til alle bedrifter og kommunar/fylkeskommunar som har gjennomført eit kvalifiseringsprosjekt i perioden 2014 – 2016.

Respondentane ga gode tilbakemeldingar på ordninga med kvalifiseringsstøtte. Mange svara at dei opplevde fordelar i form av kompetanseheving, auka samarbeid med FoU-institusjonar og auka inntening. I tillegg var det mange som svara at dei har halde fram med forsking i ettertid. 60 % av dei som har gjennomført eit kvalifiseringsprosjekt har søkt midlar til eit større FoU-prosjekt, og 75 % av desse fekk innvilga søknaden. I tillegg svara ein del at dei ikkje har søkt enno, noko som kan bety at delen som søker om midlar til større FoU-prosjekt etter gjennomført kvalifiseringsprosjekt potensielt er høgare enn 60 %. Eit litt meir overraskande funn er at det ser ikkje ut til at meir økonomisk støtte til kvalifiseringsprosjekt heng saman med større sjanse for å få tilsegn til søknadar om større FoU-prosjekt.

Resultata viser at ordninga fungerer godt. Både bedrifter og kommunar har svara at ordninga har generert mange fordelar, og at ordninga har auka interessa for forsking. Desse funna er basert på meiningsane og erfaringane til dei som har motteke midlar til sine prosjekt. Bedrifter og kommunar/fylkeskommunar som fekk avslag på søknaden sin eller som ikkje gjennomførte prosjektet dei fekk støtte til, er ikkje inkludert i undersøkinga. Altså gir desse resultata svar på spørsmål knytt til nytten av det å faktisk delta i og gjennomføre denne typen prosjekt.

INNLEIING

Regionalt forskingsfond Vestlandet deler årleg ut store summar i kvalifiseringsstøtte til bedrifter og kommunar/fylkeskommunar i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Målet med kvalifiseringsstøtte er å utvikle eit FoU-prosjekt som kan kvalifisere vidare til støtte frå relevante finansieringsordningar. Støtta blir gitt i inntil eitt år. Enkelte brukar omgrepet «*forprosjekt*» om kvalifiseringsprosjekt, då det er eit mindre prosjekt som kan utviklast til eit større FoU-prosjekt. Kvalifiseringsprosjekt skal søke svar på kritiske kunnskapsspørsmål som må vere avklara før eit større FoU-prosjekt kan gjennomførast på ein god måte.

Regionalt forskingsfond Vestlandet administrerer ordninga, og ønska å få tilbakemeldingar frå dei som har motteke støtte. Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse i Hordaland fylkeskommune fekk oppdraget med å vurdere ordninga. Tilbakemeldingane vil kunne brukast til å vurdere om noko kan gjerast på ein betre måte. I den forbindelse vart det utarbeida eit spørjeskjema som gjekk ut til administrativt ansvarleg i alle bedrifter og kommunar/fylkeskommunar som har fått støtte til og levert sluttrapport til eit kvalifiseringsprosjekt i perioden 2014-2016. I enkelte tilfelle der administrativt ansvarleg har bytta jobb/slutta gjekk undersøkinga til prosjektleiar i bedrifta eller kommunen/fylkeskommunen. Bedrifter og kommunar/fylkeskommunar som i same periode fekk avslag på sin søknad om kvalifiseringsprosjekt, er ikkje med i undersøkinga.

I rapporten blir respondentane delt inn i grupper etter kor mykje dei har motteke i kvalifiseringsstøtte, om det er bedrifter eller kommunar/fylkeskommunar og om organisasjonen har søkt om midlar til forsking tidlegare. Når vi deler inn i desse gruppene blir mange av gruppene svært små slik at ein i beste fall berre kan gi ein indikasjon på korleis desse faktorane spelar inn på resultata.

Noko anna som gjer at ein må tolke resultata med varsemd er at det er svært få respondentar på enkelte spørsmål. Det er både få som har svara «*nei*» på spørsmålet om dei har søkt midlar om eit større FoU-prosjekt, og det er få som ikkje fekk innvilga søknaden om midlar til det større FoU-prosjektet dei søkte om. Ideelt sett skulle ein gjerne hørt kva fleire som hamna i desse kategoriane meina om ordninga.

SPØRJEUNDERSØKINGA

Til saman vart undersøkinga sendt ut til 63 personar, 50 jobba i bedrift og 13 var kommunalt/fylkeskommunalt tilsette. 47 av respondentane svara på undersøkinga, noko som tilsvara 74 %, men fire av respondentane svara berre på nokre av spørsmåla. I tillegg svara fire av respondentane at dei ikkje/var usikre på om dei hadde vore involvert i eit kvalifiseringsprosjekt, desse fekk ingen av oppfølgingsspørsmåla. 39 respondentar (62 %) har med dette svara på heile undersøkinga. Av dei som svara var sju kommunalt/fylkeskommunalt tilsett.

Undersøkinga tok føre seg følgjande tema

- Samarbeidspartnerar
- Eventuell vidareføring av kvalifiseringsprosjektet
- Fordelar for organisasjonen ved å delta
- Kommentarar til ordninga

Det er lagt inn bakgrunnsinformasjon i skjemaet om kor mykje midlar kvart prosjekt fekk og om det var bedrift eller kommune/fylkeskommune som eigde prosjektet. Denne informasjonen blei nytta til å dele opp respondentane i grupper for å sjå om det var skilnad i svara for dei ulike gruppene. Vi kan til dømes sjå om svara er avhengige av kor mykje midlar dei fekk til kvalifiseringsprosjektet, eller om det er skilnad mellom svara til bedrifter og kommunar.

Svaralternativa på nokre av spørsmåla var noko ulike for bedrifter og kommunar/fylkeskommunar. Dette gjeld spørsmål om samarbeidspartnerar og andre fordelar med prosjektet. Spørjeskjemaet hadde også fleire ulike stiar, noko som gjorde at enkelte spørsmål blei stilt til svært få respondentar. Tal respondentar på dei einskilde spørsmåla varierte difor i stor gard.

Fra 2014 har den økonomiske støtteramma variert mellom 200 000 kr og 800 000 kr¹. Dei fleste som fekk tilsendt undersøkinga fekk 300 000 kr i kvalifiseringsstøtte. Heile 25 av 63 prosjekt ligg i denne gruppa, av desse 25 svara 19 på undersøkinga. Enkelte søkte om mindre midlar enn maksimumsbeløpet, difor har respondentane i undersøkinga motteke mellom 150 000 kr og 800 000 kr.

¹ Fra og med 2017 kan ein maksimalt søke om 500 000 kr.

RESULTAT


Under følgjer resultata frå undersøkinga spørsmål for spørsmål. Enkelte av svara er vist i figurar, men grunna få respondentar på mange av spørsmåla er ikkje alle svara grafisk framstilt.

Fyrste gang din organisasjon søkte om forskingsmidlar?


På spørsmålet om dette var fyrste gang organisasjonen søkte om forskingsmidlar svara 67 % «nei», medan 23 % svara «ja». Dette var med andre ord nytt for ni bedrifter og éin kommune.

Andre aktørar som har bidrige til idé eller søknad

Respondentane fekk spørsmål om det var andre aktørar som bidrog til utvikling av prosjektideen og/eller søknaden. På dette spørsmålet var alternativa litt ulike for bedrifter og kommunar/fylkeskommunar. Figur 1 og 2 viser ei prosentvis fordeling av svara for høvesvis bedrifter og kommunar/fylkeskommunar.



Figur 1: Samarbeid for bedrifter




Figur 2: Samarbeid for kommunar/fylkeskommunar

På spørsmål om det var nokre andre som bidrog svara dei fleste (67 % av bedriftene og 86 % av kommunar) at FoU-institusjonar/forskarar har bidrige. Kommunane og fylkeskommunane har krav om samarbeid med FoU-institusjonar, så det er ikkje uventa at talet er høgare for dei. Mange bedriftene har derimot på eigen FoU-kompetanse, og samarbeid med FoU-institusjonar er difor ikkje pålagt. Som tala viser er det likevel mange som hadde eit slikt samarbeid. RFF Vestlandet har og bidrige i utviklinga av prosjektideen/søknaden til 36 % av bedriftene.

Søknad om midlar til vidare forsking

Vidare fekk respondentane spørsmål om dei har søkt midlar til vidare forsking etter avslutta kvalifiseringsprosjekt. Figur 3 viser korleis svara på dette spørsmålet fordelte seg.



Figur 3: Tal på søknadar om større FoU-prosjekt etter kvalifiseringsprosjekt

Dei aller fleste (60 %) av dei som har gjennomført eit kvalifiseringsprosjekt har søkt midlar om eit større FoU-prosjekt. I tillegg svara 30 % «ikkje foreløpig», men ein del av dei fekk støtte i 2014 og 2015. Dette gjeld høvesvis 18 % (2/11) frå 2014 og 31 % (5/16) frå 2015. Det kan tyde på at det er fleire som burde ha svara «nei», då det er ei god stund sidan kvalifiseringsprosjektet var over.

- Av dei ti som hadde dette som sitt første forskingsprosjekt var det 40 % (4/10) som per august 2017 hadde søkt om midlar til eit større FoU-prosjekt.
- Til samanlikning svara mange fleire, 74 % (20/27), av dei som tidlegare hadde søkt FoU-midlar at dei hadde søkt om midlar til eit større FoU-prosjekt etter at dette kvalifiseringsprosjektet var over.
- Det var skilnad i svara til kommunar/fylkeskommunar og bedriftene. Fem av sju (71 %) kommunar/fylkeskommunar svara «ja» på spørsmålet, medan 19 av 33 (58 %) av bedriftene det same.
- Det var små eller ingen skilnadar i svara på dette spørsmålet dersom ein delte inn etter kor mykje midlar respondentane hadde fått tildelt til sitt kvalifiseringsprosjekt.

Dei som svara at dei ikkje hadde søkt midlar til eit større FoU-prosjekt fekk òg spørsmål om kva som var orsaka til dette. Det var berre éin respondent som svara på dette spørsmålet, og vedkommande oppga at orsaka var at nøkkelpersonen i prosjektet hadde flytta.

Dei som har søkt om støtte til vidare forsking

Dei som svara «ja» på spørsmålet om dei hadde søkt midlar, fekk spørsmål om søknaden blei innvilga. Dersom dei svara «ja» fekk dei spørsmål om kor mykje midlar dei fekk til det større FoU-prosjektet.

- Av dei 24 som fekk dette spørsmålet var det 18 som fekk innvilga søknaden.
- Dei som fekk innvilga søknad fekk mellom 1 mill. kr. og 8 mill. kr.
- Dei fleste fekk ca. 3 mill.kr. (Som er øvre ramme for større FoU-prosjekt i RFF Vestlandet)
- Fire kommunar/fylkeskommunar fekk støtte til vidare forsking. To av desse fekk 3 mill.kr.
- 13 bedriftar fekk støtte til vidare forsking. Sju av dei fekk 3 mill.kr.

- Dei tre organisasjonane som fekk mest i støtte til det større FoU-prosjektet hadde alle fått 200 000 i støtte til kvalifiseringsprosjektet i 2014 (då man maksimalt kunne søke 200 000 i kvalifiseringsstøtte). Dette kan sjølv sagt henge saman med heilt andre karakteristikkar ved prosjektet, men er likevel verdt å merke seg.

Vidare blei det sjekka om det var nokon samanheng mellom kor mykje organisasjonane fekk i kvalifiseringsstøtte og om dei fekk innvilga søknad til det større FoU-prosjektet. Tabell 1 viser korleis svara fordelt seg, og kor stor prosentdel som fekk innvilga søknaden.

Tabell 1: Del som fekk midlar til eit større FoU-prosjekt delt inn etter beløp på kvalifiseringsstøtte

Midlar til kvalifiseringsprosjektet	Ja	Nei	%-del som fekk midlar
200 000 (N=8)	7	1	88 %
280 000 – 340 000 (N=12)	9	3	75 %
480 000 – 500 000 (N=4)	2	2	50 %

Altså var det høgare del som fekk innvilga FoU-midlar til eit større prosjekt av dei som fekk 200 000 kr enn dei som fekk meir, men her er det få respondentar så ein må vere forsiktig med å konkludere med noko. Særleg gjeld dette gruppa som fekk 480 000 – 500 000 kr. Alle i denne gruppa gjennomførte kvalifiseringsprosjektet i 2016. Av respondentane som fekk mindre enn 200 000 kr eller meir enn 500 000 kr var det ingen som svara på dette spørsmålet.

Dei som har søkt men ikkje fått støtte til vidare forsking


Seks respondentar oppga at dei ikkje fekk innvilga søknaden om midlar (éin kommune og fem bedrifter), noko som utgjorde 25 % av dei som hadde søkt. Dei fekk spørsmål om dei hadde nokre tankar om kva som kunne ha endra utfallet. Dei seks respondentane som fekk dette spørsmålet kunne krysse av så mange alternativ dei ville.

- Tre av dei svara «Lengre forprosjekt»
- Tre svara «Meir økonomiske midlar i kvalifiseringsstøtte»
- Éin svara «Større fokus på forsking innad i min organisasjon»


Det var med andre ord ikkje overvekt på noko enkelt punkt. Tre respondentar svara i tillegg «Anna» og spesifiserte at «det var hard konkurranse om FoU-midlane», og éin svara at «kvalifiseringsprosjektet ikkje var ferdig når søknaden om det større prosjektet blei sendt».

Andre fordelar med kvalifiseringsstøtte

Alle respondentane fekk så spørsmål om dei hadde hatt andre fordelar med å delta i kvalifiseringsprosjektet. Figur 4 og 5 viser prosentvis fordeling av svara for høvesvis bedrifter og kommunar/fylkeskommunar. Dei to gruppene fekk litt ulike svaralternativ og er difor delt opp deretter.




Figur 4: Fordelinga av svar frå bedrifter på spørsmål om andre fordelar kvalifiseringsstøtte



Figur 5: Fordelinga av svar frå kommunar på spørsmål om andre fordelar kvalifiseringsstøtte

Som vi ser av figur 4 og 5 bringer kvalifiseringsprosjekta med seg mange andre fordelar. Ingen respondentar svara «nei» på spørsmålet om kvalifiseringsprosjektet hadde generert andre fordelar. Særleg ser vi at prosjektet har ført med seg kompetanseheving og meir samarbeid med FoU-institusjonar for bedriftene (90 % og 72 %). 55 % av bedriftene seier at kvalifiseringsprosjektet har styrka innovasjonsarbeidet. 32 % har òg fått auka verdiskaping/inntening som følgje av kvalifiseringsprosjektet. Av dei som svara «anna» blei det trekt fram at det blei oppretta nye dotterprosjekt og utarbeida patentsøknad (ventar på svar). Det er som kjent få respondentar frå kommunane/fylkeskommunane. Her er det styrka innovasjonsarbeid og meir samarbeid med andre eksterne aktørar som får høgast skåre (83 %), men 2/3 av kommunane seier også at kvalifiseringsprosjektet har ført til meir kompetanseheving og meir samarbeid med FoU-institusjonar.

Vidare fekk respondentane spørsmål om dei hadde opplevd auka interesse for forsking i organisasjonen etter kvalifiseringsprosjektet, og om det var sannsynleg at dei kom til å søke om kvalifiseringsstøtte ved eit seinare tidspunkt. Figur 6 viser kor stor del som kryssa av for kvart alternativ på spørsmålet om det var auka interesse for forsking i organisasjonen.



Figur 6: Interesse for forsking

Blant dei som ikkje hadde søkt om forskingsmidlar tidlegare var det 4 av 9 (44 %) som svara «ja» på dette spørsmålet, medan det var 7 av 27 (26 %) av dei som tidlegare hadde søkt som svara «ja». For gruppa som

hadde søkt om midlar tidlegare var det alternativet «Organisasjonen har lenge hatt interesse i forsking» som var mest populært (52 %). Også her ser vi at ingen har svara «nei» på spørsmålet.


Interesse for å nytte ordninga på ny

På spørsmålet om dei kunne tenke seg å söke om kvalifiseringsstøtte frå RFF Vestlandet til andre prosjekt svara 87 % «ja», dei resterande 13 % svara «veit ikkje/usikker» (100 % av kommunane svara «ja» på dette spørsmålet). Dei som svara «veit ikkje/usikker» på spørsmålet fekk også spørsmål om det ville endre seg dersom den økonomiske ramma var annleis, eller om søknadsprosessen var lettare. Av dei 5 som fekk spørsmålet svara 3 at dei kanskje ville vurdere å söke dersom det var meir midlar å hente men her er det svært få respondentar.

ANDRE INNSPEL OG SYNPUNKT TIL ORDNINGA MED KVALIFISERINGSSTØTTE

Det var mogleg for respondentane å komme med kommentarar og innspel til ordninga, noko fleire nytta anledninga til å gjere. Blant kommentarane var det mykje skryt. «Egentlig er vi så fornøyd med kommunikasjon og rådgivning at andre inst burde studere litt hva dere gjør som andre ikke får til. (...)» og «Vi opplevde også at dei me hadde kontakt med var engasjerte og ivra for at me skulle få til dette.» «(...) enkel å forholde seg til for en liten bedrift.», «Det var utrolig givende å få denne muligheten (...).»

Blant kommentarane der det blei peika på forbetningspotensiale finn vi «Vi savner dialog under saksbehandlingsprosessen. (...) Om vi hadde fått tilbakemelding på svakheter med søknaden, så kunne dette blitt rettet opp.», «I forhold til et 3-årig prosjekt er det kanskje noe stenge krav til søknadsprosessen og evaluering av søknader. Dette gjelder særlig krav til faglig kompetanse hos søker.»



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.